



Byggmester Terje Kleivdal
Vassbygdvegen 119
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3364 - 16/31447

Saksbehandlar:

Trygve Solberg

Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:

15.11.2016

Ferdigattest tilbygg - gbnr 175/3 Skår

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Linda Næsse

Ansvarleg søkjar: Byggmester Terje Kleivdal

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 24.10.2013 (rammeløyve). For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll. Det vert elles vist til søknad motteken 14.11.2016.

Skildring

Adresse:	Seimsstranda 329
Bygningstiltak:	Våningshus
Bygningsnummer:	176267976-1
Bruksareal:	Ca 48m ²

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til bustad på gbnr 175/3. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



